

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 18.01.2017  
Sakhandsamar: **Halfdan Brandtzæg**  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per desember 2016**

**Arkivsak**  
2016/691  
**Styresak 003/2017**

**Styremøte 27.01.2017**

---

## Framlegg til vedtak

Rapportering frå verksemda per desember 2016 vert teken til vitande.

## Rapportering fag

### Ventetid ventande

Ventetid for dei ventande på 43 dagar i desember (38 i november)

### Tal på ventande inn

Samla tal ventande pasientar er 4714, om lag som i førre månad, og klart handterleg mengd.

### Ventetid for starta behandling

Ned til 47 dagar i desember (51 i nov.). Det er oppstarta behandling av 1943 pasientar i desember, same tendens som i fjoråret (nedgang frå november – 2606)

### Fristbrot samla (ubehandla/behandla)

Samla sett er det i desember registrert 21 fristbrot (0 prosent), og må enno ha konstant merksemd.

### Direkte timetildeling

92 prosent for første time, som er uendra frå førre månad. Delen for oppfølgingstimar er uendra i november, 63 prosent. Det er klart eit mål om å auke sistnemnde.

	jul.15	nov.15	jan.16	apr.16	okt.16	des.16
HELSE BERGEN HF	70 %	86 %	85 %	83 %	84 %	81 %
HELSE FONNA HF	75 %	84 %	84 %	88 %	84 %	84 %
HELSE STAVANGER HF	71 %	90 %	90 %	88 %	88 %	87 %
HELSE FØRDE HF	68 %	90 %	93 %	93 %	90 %	92 %
KIRURGISK KLINIKK (100315)	73 %	86 %	91 %	92 %	88 %	94 %
MEDISINSK KLINIKK (105240)	62 %	95 %	96 %	96 %	96 %	95 %
PSYKISK HELSEVERN	66 %	86 %	78 %	81 %	70 %	65 %

Vi har en del henvisninger som er uten reshID. Vi tror disse i stor grad tilhører psykisk helsevern. Hvis alle tilhører psykisk helsevern så blir de korrigerde tallene:

PSYKISK HELSEVERN	66 %	92 %	89 %	89 %	85 %	80 %
-------------------	------	------	------	------	------	------

### Andel ikkje møtt

I Helse Førde ligg dette stabilt over dei siste 5 månadane på litt over to prosent. (2,2%, litt fallande, topp i juli på 3%)

### Epikrisetider i desember

Epikrisetider 7 dager: somatisk del 94 prosent, psykisk helsevern 96 prosent.

Epikrisetider 1 dag: somatisk 75 prosent, 45 prosent i psykisk helsevern – alle tal uendra frå nov.

### Korridorpasientar

Talet har gått ned i desember, samla sett 5 stk. (10 i november) (0,18 prosent).

### Utskrivingsklare pasientar

14 slike i desember, alle same kommune. (22 i november)

### Stryking av planlagde operasjonar

Uendra i desember, men litt anna fordeling. (3,1 prosent)

## AKTIVITET

### Somatikk

Somatikk	Perioden					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
DRG-poeng pasientar tilhøyrande eigen region, (A)	1 869	2 140	(271)	1 993	(123)	24 669	25 983	(1 313)	25 454	(784)
DRG-poeng pasientar tilhøyrande andre regionar - fakturering av gjestepasientar, (B)	57	46	11	57	0	582	613	(31)	604	(23)
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	1 927	2 187	(260)	2 050	(123)	25 251	26 596	(1 344)	26 058	(807)
DRG-poeng pasientar beh andre regionar	127	155	(28)	188	(61)	1 832	1 869	(37)	2 187	(355)
Sum drg-poeng eigne pasientar	1 997	2 295	(299)	2 181	(184)	26 501	27 852	(1 350)	27 641	(1 139)
Herav DRG-poeng poliklinikk (inkl. i A)	300	333	(34)	357	(57)	4 216	4 288	(72)	4 217	(1)
Tal dagkirurgi/dagbehandling	949	1 043	(94)	902	47	11 704	12 437	(733)	12 149	(445)
Tal sjukehusopphald	1 439	1 698	(259)	1 532	(93)	17 982	19 338	(1 356)	19 302	(1 320)
Tal polikliniske konsultasjonar	9 988	9 466	522	10 004	(16)	126 561	121 963	4 598	123 208	3 353

Det skjer no den normale gjennomgangen av tala i samband med endeleg årsstenging i Norsk pasientregister og årsoppjæret. Tala er difor framleis førebelse.

#### Perioden

Aktiviteten i perioden var 0,5 prosent lågare enn førre året, målt i tal behandla/undersøkte pasientar. Samla DRG produksjon i føretaket i perioden er 6,0 prosent lågare enn året før. Samla har dei somatiske klinkkane fortsatt trenden med lågare tal dagbehandlingar og døgnopphald enn planlagt. I desember var den polikliniske aktiviteten om lag som førre år, men 5,5 prosent høgare enn budsjett.

#### Til no i år

Akkumulert ligg aktiviteten 1.344 DRG poeng etter budsjettet (-5,1 prosent). Vi ligg 3,1 prosent bak fjorårsproduksjonen målt i tal DRG poeng (807 poeng), men har ein auke på 1,0 prosent frå førre året målt i tal pasientar. Veksten skjer i polikliniske konsultasjonar. Dagkirurgi/dagopphald har ei nedgang på 3,7 prosent mot fjoråret (445 pasientar). Mellom anna er det gjennomført færre dialysebehandlingar. Poliklinisk aktivitet er 2,7 prosent høgare enn fjoråret (3.353 konsultasjonar). Vi har 1.320 færre heildøgnsopphald enn førre året (-6,8 prosent).

### Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>										
Tal heildøgnsopphald	1 595	1 393	202	1 448	147	18 599	16 470	2 129	17 569	1 030
Tal utskrivne pasientar	91	92	-1	85	6	1 181	1 060	121	1 039	142
Poliklinisk dagbehandling	41	104	-63	27	14	410	1 250	-840	382	28
Polikliniske kons. m/refusjon	2 005	1 791	214	1 832	173	24 611	22 850	1 761	23 488	1 123
<b>Rus</b>										
Tal heildøgnsopphald	614	584	30	608	6	7 726	7 330	396	7 215	511
Tal utskrivne pasientar	14	13	1	14	0	188	140	48	177	11
Polikliniske kons. m/refusjon	273	215	58	295	-22	3 154	3 050	104	3 254	-100
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>										
Tal heildøgnsopphald UPH	117	118	-1	73	44	1 085	1 300	-215	1 255	-170
Tal utskrivne pasientar UPH	5	5	-0	10	-5	91	60	31	109	-18
Polikliniske kons. m/refusjon	1 288	1 115	173	1 245	43	17 713	16 600	1 113	17 681	32

#### Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)


Det har vore god aktivitet i desember. Akkumulert ligg vi høgare enn både budsjett og førre året.

Innanfor tverrfagleg spesialisert rusbehandling er tal heildøgnsopphald over både budsjett og fjoråret. Aktiviteten i desember var om lag som budsjett. Når det gjeld poliklinisk aktivitet var den litt høgare enn budsjett i desember. Samla er tal konsultasjonar om lag som planlagt.

#### Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Tal heildøgnsopphald er lågare enn budsjett og førre året. Poliklinisk aktivitet i desember er på nivå med gjennomsnittet i 2016, men lågare enn budsjett for perioden.

Akkumulert er det om lag like mange polikliniske konsultasjonar som fjoråret, men vi har høgare aktivitet enn budsjettet for 2016.



Samla sett ligg beleggsprosenten på 64 prosent i desember medan det har vore på 69 prosent dei siste 12 månadene. Beleggsprosenten har vore rimeleg stabil over tid.

Det har blitt gjort ein endring i definisjonen av belegg sidan rapporteringa for oktober. Dette påverkar gjennomsnittet for dei siste 12 månadene. Sengepostar som ikkje har pasientar eller ein definert sengekapasitet i løpet av året, inngår ikkje lengre i grunnlaget. For Helse Førde si del tydar det at pasientar på pasienthotellet fell ut på grunn av at det i pasientjournalssystemet ikkje er definert sengekapasitet der. Nyfødtafdelinga faller også ut da denne avdelinga ikkje har pasientar (vi teller berre mødrene).

Sengepostane registrar i liten grad postoverflytting når de flytter pasient over på pasienthotellet (mellom 10 og 15 prosent). Det gjev høgare beleggsprosent på sengepostene enn det reelle belegget.

Fleire avdelingar justerer tal senger i samband med ferieavvikling og lågaktivitetsperiodar. Ortopedisk sengepost FSS har justert tal senger frå 37 til 31 medan Kirurgisk sengepost FSS har justert talet frå 34 til 28. Begge postane med verknad frå 3 oktober. Dette er meint som ein permanent endring.

Når vi vurderer tala er det viktig å ha klart for seg forskjellen mellom i kva for avdeling pasienten er innskriven i og kor pasienten ligg (til dømes kan ein medisinsk pasient ligge på ein anna sengepost). Det er og viktig å understreke at tala ikkje fortell noko om bemanninga.

## ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	182 336	183 253	-917	1 952 183	1 955 851	-3 668
Inntekter pasientbehandling	46 174	54 809	-8 636	625 664	668 005	-42 341
Øyremerka tilskot	5 820	2 459	3 361	41 766	42 737	-972
Andre driftsinntekter / Eigenandelar	13 438	14 189	-751	158 206	153 723	4 484
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>247 768</b>	<b>254 710</b>	<b>-6 942</b>	<b>2 777 819</b>	<b>2 820 316</b>	<b>-42 497</b>
Kjøp helsetenester	9 168	12 293	-3 125	134 499	147 516	-13 017
Varekostnad	22 364	22 844	-480	286 270	277 962	8 307
Innleige personell	2 987	1 201	1 786	26 759	21 739	5 019
Personalkostnader	141 740	142 040	-300	1 503 488	1 508 991	-5 503
Pensjonskostnad	26 892	25 721	1 171	288 450	287 279	1 171
Ordinære avskrivningar	7 973	8 429	-456	97 257	101 150	-3 893
Andre driftskostnader	43 583	41 446	2 137	461 327	466 579	-5 252
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>254 707</b>	<b>253 974</b>	<b>732</b>	<b>2 798 049</b>	<b>2 811 216</b>	<b>13 167</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-6 939</b>	<b>736</b>	<b>-7 675</b>	<b>-20 230</b>	<b>9 100</b>	<b>-29 331</b>
Finansinntekter	72	117	-44	1 724	1 400	324
Finanskostnader	108	269	-160	1 239	3 500	-2 261
<b>Finansresultat</b>	<b>-36</b>	<b>-152</b>	<b>116</b>	<b>485</b>	<b>-2 100</b>	<b>2 585</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>-6 975</b>	<b>583</b>	<b>-7 559</b>	<b>-19 745</b>	<b>7 000</b>	<b>-26 746</b>

Økonomitala er førebelse. Det har vore ein førebels stenging av rekneskapen for å få ein øversikt over desember. Rekneskapen skal vere endelig ferdigstilt og gjennomgått av revisor til byrjinga av mars.

### **Perioden**

Perioderesultatet er negativt med syv millionar som er 7,6 millionar dårlegare enn budsjett. Aktiviteten, og dermed inntektene, i desember var betydeleg lågare enn budsjett. Dette forklarar store deler av avvikt på inntektssida i perioden. Basisramma er justert i tråd med Helse Førdes betaling for overføring av Gulen. Dette motsvarast mot lågare Andre driftskostnadar. Når det gjeld varekostnad held trenden med høgare varekostnad enn budsjett fram. Det er særleg medikament, labrekvisita og kostnadar til behandlingshjelpemiddel som har auka kostnadar. Tal bruttmånadverk var i oktober og november litt lågare enn i 2015 medan talet var som førre år i desember.

### **Hittil i år**

Aktivitetsbaserte inntekter er så langt i år vore lågare enn venta. Det har vore ein nedgang i tal innlagte pasientar og dagbehandlingar samalikna med budsjett og førre år. Samstundes har det vore lågare kostnadar til kjøp av tenester i andre regioner. Sannsynlegvis vil det vere ei kraftig auke i bruk av Helse Bergen sine tenester, men vi veit for lite om Helse Bergen behandlar pasientar som som tidlegare blei behandla i Helse Førde eller dro ut av regionen. Dei område som særskilt har lågare inntekter er Medisin, Nevrologi, Ortopedi og Øyre, Nase, Hals. Vi har ingen god forklaring på kvifor vi har lågare etterspurnad etter augeblikkeleg hjelp tenester. Det har og vore lågare tal elektive behandlingar. Noko av inntektstapet skyldast omlegging av drifta som gjev lågare inntekter. Særleg omlegginga av drifta i Øyre, Nase, Halsavdelinga forklarar mykje av nedgangen for inneliggjande elektive pasientar. Innanfor ortopedi har også endring av behandlingsmetodar gitt lågare inntekter. Vi har ikkje vore dyktige nok til å justere ned driftkostnadane i tråd med lågare inntekter gjennom året. Difor ser vi no på korleis vi kan justere kostnadane ved å justere tal døgnsegar og også andre måtar for korleis vi kan ta ned personalkostnadane.

Kostnadane til medikament har auka dei seinaste månadene. Bilete med dei låge kostnadane til medikament som vi har hatt tidlegare i år, er i ferd med å endre seg. Dette skyldast mellom anna auka kostnadar til kreftmedikament. Vidare auker kostnadane til implantatar, labrekvisita og anna medisinsk forbruksmateriale meir enn venta. Personalkostnadane verker å vere under kontroll sjølv om kostnadane til innleige av naudsynt personell har vore litt høgare enn planlagt. Dette gjeld særleg innleige av legar. Kostnader til overtid og ekstrahjelp har og vore høgare enn venta. For Andre Driftskostnadar er det lågare kostnader til Gulen og pasienttransport som er dei store avvika frå budsjett. I tillegg er det lågare kostnader på ei heil rekke postar som summerast opp til mindreforbruket. IKT-kostnadane er høgare enn venta.

Låg rente og lite bruk av driftskreditten gjer eit betre finansresultat enn venta.

### **Likviditet**

Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 300 mill. kroner. Per 1. januar hadde Helse Førde trekt opp 47,4 mill. kroner av trekkramma.

### **Prognose**

Helse Førde har i år store årsoppgjerpistar og andre uavklarte postar. Dei vil påverke det endelege rekneskapsresultatet. Etter ei vurdering av korleis dei vil påverke resultatet meiner vi dei truleg medfører at føretaket får eit betre resultat enn fyste lukking av rekneskapen etter desember syner.

### **Rekneskapsutvikling Klinikk for psykisk helsevern**

Klinikk for psykisk helsevern har eit resultat som er 2,9 millionar betre enn budsjett for 2016.

Inntektene for klinikken er om lag 4,4 mill. betre enn budsjett. Det skyldast i stor grad inntekter frå gjestepasientar og auka polikliniske inntekter.

På kostnadssida er det to område som skillar seg ut – innleige av legar og kostnadar til Fritt behandlingsval. Det er framleis kostnader til innleige av overlegevikarar som ikkje har vore budsjett, og dette bidreg til at dei samla personalkostnadane er noko høgare enn budsjett i perioden. Kostandar til Fritt behandlingsval har og auka kraftig på slutten av året.

### **Rekneskapsutvikling Medisinsk klinikk**

Ved fyste stenging av rekneskapen etter desember synte klinikken eit avvik i høve til budsjett på 29,3 mill. kroner.

Det er produsert om lag 400 DRG-poeng mindre enn budsjett og om lag 550 færre enn i 2015. Sjølv om aktiviteten på poliklinikkane har vore svært høg og ligg om lag 4 prosent over førre året, har ikkje utellinga på inntektssida vore tilsvarande. Inntektene frå poliklinisk verksemd var om lag som førre året. Samla har klinikken eit avvik på inntektssida i høve til budsjett på 11,3 mill. kroner.

Varekost syner ei avvik frå budsjett på i underkant av 12 mill. Dei store postane som har overskridingar er medikament, behandlingshjelpemidlar og laboratorierekvisita.

Når det gjeld løn har det vore overforbruk på kontoen for vikarløn og overtid.

### **Rekneskapsutvikling Kirurgisk klinikk**

Ved fyste lukking for heile året hadde klinikken 29,8 mill. kroner dårligare driftsresultat enn budsjettert. I Underkant av 20 mill. av underskotet kjem av at inntektene har vore lægre enn budsjettert. Dette er i hovudsak knytt til at aktiviteten har vore lægre enn budsjett, og dermed at ISF-inntektene ligg i underkant av 20 mill. bak planen. ISF inntektene har vore på om lag 5 mill. lågare enn i 2015.

Resten av budsjettavviket skyldast avvik på kostnadar til protesar og andre medisinske forbruksvarer. Det er og eit avvik på kostnader til løn. Særleg har det vore arbeida mykje overtid i klinikken.

Klinikken hadde om lag same aktivitet i starten på året som i 2015, men bak budsjett. Særleg i april og på hausten har aktiviteten vore lågare enn det klinikken hadde planlagt med. Ved utgangen av året ligg klinikken 936 drg-poeng bak budsjett. Klinikken har vore alt for optimistisk da dei planla kor stor aktivitet klinikken ville ha i 2016.

### **Rekneskapsutvikling stab og støtte**


Stab og støtte har eit negativt avvik frå budsjett på 1,1 millionar i desember. Inntektene er 1,2 millionar høgare enn budsjett, medan kostnadene er 2,3 million høgare enn budsjett. Personalkostnader er som budsjettert, medan andre kostander har auke meir enn venta.

Akkumulert har Stab og støtte eit positivt avvik mot budsjett på 8,2 millionar. Driftsinntektene er 1,7 millionar lågare enn budsjett. Driftskostnadene er 10 millionar lågare enn budsjett, årsaka er mellom anna lågare personalkostnader og lågare kostnader til pasienttransport. Kostnad til IKT har eit negativt avvik på 1,9 millionar.

Teknisk avdeling har klart å slutføre sysselsettingsprosjekta med budsjett på 14,6 millionar innan fristen ved nyttår. 12,2 millionar er kostnads- og inntektsført i prosjekta, ved endeleg resultatavlegging vil ytterligere 2,4 millionar verte tillagt både inntekter og kostnader.


## MEDARBEIDARAR

### Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i november 6,2 prosent mot 6,4 prosent førre år.

### Månadsverk




Brutto månadsverk i desember var 2.264. Dette er 2 færre enn rapportert for same periode i fjor. Netto månadsverk var 2.079. Dette er 27 fleire enn rapportert for same periode i fjor.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betalar løn for. (inklusive betalte permisjonar)  
 Netto månadsverk er Brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.

## Uønska hendinger meldt i avvikssystemet Synergi

Tabellen under viser tal melde saker i Synergi, sortert etter sakstype:

Diagrammet viser melde saker i perioden 01.01.16-30.11.16:



### Pasientrelaterte saker:

Det har i november vore meldt om ei fallskade. Det har også vore meldt ei sak som gjeld manglande skildring av medisiner i journalen, slik at når pasienten kom på poliklinikken og skulle ha medisin, stemte ikkje opplysningane i journalen med den informasjonen som pasienten hadde fått munnleg.

### HMS-saker:

HMS-saker er tilfelle der det har vore helse-, miljø- eller sikkerheitsbrot som gjev fare for eller har medført skade for tilsett. Denne månaden blei det meldt om at det av og til blir gløymt å gi relevant medisinsk informasjon til kollegaer frå andre avdelingar ved flytting av pasientar. Det var og meldt om for låg temperatur på eit rom der tilsette skulle arbeide og pasientar skulle få behandling.

### IKT/informasjonssikkerheit-saker:

Kan gjelde brot på personopplysningslova og handtering av sensitive opplysningar, enten ved manglar knytt til IKT-system, aktuelle rutinar eller etterleving av desse. Denne perioden er det meldt om at det på eit fellesrom blei funne medisinsk informasjon med pasientnamna på. Det var meldt fleire saker som omhandlar at utskrifter av EKG ikkje blir merka med namn.

### Driftssaker:

Driftssaker gjeld hendingar knytt til driftsoppgåver for alle fagområde (administrativ/klinisk). Sist periode er det meldt om saker der det blei oppdaga at dører som skulle vore låste, var opne. Det var og meldt om at ei kokeplate blei ståande på utan at tilsette var i nærleiken.

### Frekvente hendelser:

Jamlege hendingar vert nytta for meir detaljert oppfølging og særskilt i Helse Førde sine diagnostiske avdelingar. Denne perioden er det meldt om at eit tilsetjingsmiddel i laboratoriet var nyleg gått ut på dato. Det blei vurdert at dette kunne nyttast inntil nytt middel kom på lager.

### Forbetringsområde:



Forbetringsområde er forslag til forbedring, utan at det ligg føre avvik. (Nokre av desse sakene er feilregistrerte, og inneheld eigentlege avvik). Denne månaden kom det informasjon om at når varer blir levert, blir dei plassert slik at dei stengjer for røymingsvegen i tilfelle brann. Ei sak er om allergimerking av mat. Det er ikkje alltid den naudsynte informasjonen om innhaldet kjem fram av opplysningane om maten.

### Klager/NPE (Samhandlingssaker):

Samhandlingssaker er saker som vedkjem samhandling mellom føretaket og kommunane. Sist månad var det meldt om at pasientane ikkje alltid får den transportmåten som dei treng til og frå sjukehuset. Fleire saker handlar om at pasientar kjem til skadepoliklinikkane utan at legevakta har meldt frå om det til sjukehuset.

### Tilsynsrapport som grunnlag for læring – per 31. desember 2016

HELSE-FØRETAK	OMRADE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Helse Førde	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Førebels rapport av 01.07.16	2 systemavvik, gjeldande oppstart tid behandling og organisering i mottak.		Om avvika: - Gjennomgang av journalar viser manglar gjeldande start av behandling med antibiotika innan tidsfristar sett i nasjonale faglege retningslinjer og interne prosedyrer. - Leinga har ikkje organisert akuttmottak med tilstrekkelege sjukepleieressursar til rask triagering /prioritet ved stor pasienttilstrøyming.  Endeleg rapport mottatt 8.9.2016. Tilbakemelding om forbetringstiltak sendt FM den 4.11. 2016. Brev frå FM 11.11 – gode tilbakemeldingar på tiltaka, ønsker ny status frå HFD innan 15.2.17	
Helse Førde	Statens Strålevern	Tilsynsrapport og varsel om pålegg av 24.10.16	3 avvik / pålegg		Avvik knytt til at: -arbeid med opne radioaktive kjelder vert utført i godkjent type B isotoplaboratorium -nukleærmedisinsk verksemd tilgang til kompetanse innan medisinsk fysikk -etablere system for regelmessige kvalitetskontrollar av nukleærmedisinsk apparatur, inkl. for stråledose og bilde kvalitet.  Tilbakemelding frå Helse Førde 16.11, med innspel. På bakgrunn av dette er tilsynsrapport revidert og oversendt Helse Førde 30.11. Tiltak er under utarbeiding. Frist for retting av pålegg er sett til 15.01.2017.	

Tabellane inneheld systemtilsyn under oppfølging. Rapporten inneheld ikkje kommande tilsyn eller der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre. Heller ikkje tilsyn utan avvik.

Helse Førde har registrert totalt 32 tilsyn og revisjonar i perioden 1.1. – 31.12.2016. Nokre saker er starta opp før 2016.

Desse kontrollane vert utført av både eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan. I tillegg interne eigarrevisjonar frå Helse Vest RHF.

Ti saker gjeld varsel av tilsyn / innhenting av dokumentasjon og opplysningar før eventuelt tilsynsbesøk. 14 saker er registrert avslutta i 2016..

Desse kontrollane vert utført av både eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan. I tillegg interne eigarrevisjonar frå Helse Vest RHF.

Av opne saker med avvik er der siste månad 4 saker, sjå tabell ovanfor. Lærings-/forbetringstiltak er under implementering i alle desse sakene.

Andre tilsyns- og klageorgan: Oversikt over saker som ikkje er avslutta i perioden.

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSR APPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Lokale EI-tilsyn v/Sunnfjord Energi	Helse Førde HF	Psykiatrisk klinikk, Førde. Tilsyn av el-anlegg	25.09.2015	1 jordfeil påvist	Løpande, saka «open»	Rapportmålingar utført av Caverion konkluderer med at dette er ein feil som kjem og går. Sunnfjord Energi er engasjert. Det er sett opp kontrolltiltak i veke 41 2016.	
Arbeidstilsynet	Helse Førde	Ambulansetenesta. Nasjonal tilsynskampanje «Føre var» med særleg fokus på førebygging av muskel- og skjelettplager, tilsyn mai 2011.	19.10.2011 Nytt brev frå Arbeids- Tilsynet av 02.12.15	Det blei gitt 11 pålegg. 10 er lukka, 1 er søkt disp. frå, gjeld arbeidslokale og personalrom på ambulansestasjon.	01.01.2016 Ny frist for Sogndal er 31.08.16	Helse Førde har hatt dispensasjon når det gjeld, Selje, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Gulen, Vik, Høyanger, Lavik, Fjaler og Sogndal. Forhold er med i bygningsmessig utviklingsplan styrevedtatt i haust -15. Prossessar anbod, anskaffelsar og forhandlingar for Høyanger og Vik. Teke i bruk mellombels lokale Selje. Helse Bergen overtok drift av Gulen 1.9.16. Ad Sogndal avventar Helse Førde kommunal handsaming. Helse Førde har søkt Arbeidstilsynet om ny dispensasjon til 30.6.17. Gjennomført møte med Arbeidstilsynet 12.9.16. Aktuelle dokumentasjon og framdriftsplanar er avtalt oversendt. På bakgrunn av desse vil AT vurderer søknaden. Tilhova vert rapportert i drift og er tatt inn i HMS- handlingsplan for 2016/2017. Der er planar og arbeidsgrupper med TVVO ved alle aktuelle stasjonar.	